

---

**Fra:** Trude Langedal  
**Sendt:** 11. oktober 2018 09:27  
**Til:** Tone Margrethe Bærland Furustøl  
**Emne:** 18/26717 Oversender søknad om dispensasjon for etablering av veg - Galteråsen - til uttale - gbnr 37/469 Alver

### **Viser til oversendte søknad om dispensasjon for etablering av veg – Galteråsen – gbnr 37/469 Alver**

Planavdelinga vil rå i frå at det vert gjeve dispensasjon til etablering av veg.

Tiltaket gjeld etablering av veg frå Galteråsen til Alver næringsområde med 700m lengde og bredde ca.7m kjørebane.

Med grøft vert det opptil ca. 9,5m. bredde, vegen er vist med opptil 6m fylling og 9m skjering.

Vegen skal krysse gjennom areal avsett til offentleg privat tenesteyting og LNF-område med gjennomgåande naturstiar i gjeldande KDP.

Området ligg innafor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen som er i prosess og skal ferdigstillast i løpet av våren 2019.

Tiltaket er svært omfattande og vil ha store konsekvensar for framtidig bruk av friluftsområdet. Slik vegen er vist i søknaden med store terrengingrep i form av høge skjeringar og fyllingar vil den verte ein stor barriere for friluftslivet i området. Grøntkorridoren som er vist i gjeldande KDP er ein av dei få innfallsportane til turområdet frå bustadområdet i Alvermarka. Det er ein viktig prioritet i kommunedelplanarbeidet å leggje til rette for nærfriluftsliv, at flest mogeleg kan gå frå bustaden sin og ut i tur- og friluftsområde gjer at fleire er fysisk aktive. Uttale frå Trollskogen barnehage viser at området er svært viktig for drifta av barnehagen og tilbodet dei har med eigen friluftsavdeling.

#### Arealbruk i gjeldande plan

Det er uheldig å etablere vegen før arealbruken i resten av området er avklart. Innspel til endra arealbruk er ikkje handsama i KDP, etablering av veg før området er planlagt vil kunne gje uheldige føringar for framtidig utvikling av området. Ved etablering av vegen no, får ein ikkje sett området under eitt, slik at ein potensielt kan øydelegge for ei optimal utvikling av området og enkelttomtar seinare, anten dette er til tenesteyting, næring eller friluftsliv. Ved regulering av arealet får ein sett på desse ulike behova i samanheng.

Det er gjeve løyve av Formannskapet til midlertidig veg over kommunal eigedom, tiltaket slik det er omsøkt vil framstå som eit permanent tiltak som det er svært kostnaddskrevjande å endre i ettertid. Skal vegen etablerast må den etablerast permanent i samband med ønska utvikling av området.

Avlastning av eksisterande kryss til Alver næringsområde vil være ein positiv konsekvens av etablering av vegen. Det må likevel gjerast heilskaplege vurderingar av korleis området skal utviklast i framtida, der friluftssinteresser og framtidig arealbehov vert førande for plassering av vegen. Området er i dag ei verdifull arealreserve for kommunen, god planlegging vil sikre best mogeleg utnytting av området.

E-post: [Trude.langedal@lindas.kommune.no](mailto:Trude.langedal@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 56 37 56 25  
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Knut Bjørnevoll

**Sendt:** onsdag 5. september 2018 09:39

**Til:** Plan Avdelingen

**Emne:** 18/26717 Oversender søknad om dispensasjon for etablering av veg - Galteråsen - til uttale - gbnr 37/469 Alver

Sjå vedlegg